

Måsåtaking.

av

Erling Lyftingsmo.

Å samle måså til vinterfor har vore brukt i alle fjellbygder austafjells. Arbeidsmåte, namn og nemningar kan brigde litt frå bygd til bygd, Det som blir fortalt her, gjeld for Lesja.

Først litt om sjølve ordet måså.

I Gudbrandsdalen er ordet måså sa-mnenamn for alle vanleg kjerde mose- og lavarter. Plantenamnet lav er ikkje kjendt i bygdemåla her. Mosane blir gjerne ne-mnt med kjennenamn som husmåså og myrmåså. Lavarter som blir sankta til dyrefor nemner ein gjerne berre måså. Men folk held greitt frå kvarandre dei ymse arter. Ikkje alle er like verdfulle som for.

Laven høyrer til dei lågareståande sporeplantane, og er oppbygt av to organismer, ein sopp og ein alge som lever ilag (symbiose). Soppen tar opp organisk næring frå jorda, og algeⁿ, som har b-ladgrønt, assimilerar kolsyre frå lufta. Så byter dei desse næringsemna sinimello. Dei to organismene kan øksle seg kvar for seg, algen med deling og soppen med sporar, men dei kan og ha sams økslingsmåte med knoppkorn.

Laven er den mest smånøgde planta vi har. Han veks alle stader der han kan få fotfeste, og er veldig hardfør både mot varme og kulde og tørke.

Det er serleg 6 lavarter som er godt kjendt. Eg nemner det namnet som er brukt av bygdefolket. Det botaniske namnet, Nordhagens flora, står i parantes når det avik frå bygdenamnet.

1. Kvikrull. (Cladonia alpestris)
2. Gråmåså. (reinlav, Cladonia rangiferina^o og C. Silvatika^c.)

Desse Cladonia-artene nemnest under eitt for Reinsmåså.

3. Saltmåså. (kruslav, Stereocaulon pascale)
4. Brødmåså. (brødlav, Cetraria islandica.)
5. Gullskin. (Cetraria nivalis.)
6. Gråskjegg. (Alectoria oroleuca.)

Desse to siste, gullskin og gråskjegg, har liten eller ingen forverdi.

For 20 år sidan tok dei måså mest på kvar gard her i bygden, og enda er det ikkje heilt avlegs. I kleine forår er måsån god å ty til men til vanleg ~~er~~ blir det for dyr foring. Måsåfjella som ligg nærast til er ikkje av dei som veks snøggast atti. Det er skrint fjell og har vore hausta jamt og hardt så lavdekket ^{vart} er både tunt og grist.

Før i tida var måsåtakinga ei fast onn. Leid så ein hadde gjort

frå seg åkeren, var det å dra tilfjells og sanke måså, "tå måså" heiter det her. Ein prøvde gjerne å koma iveg siste veka budemene var på setrene, frå 10. september og utover. Det er så tyleg i fjellet denne tida. Jamt er det klårver, og når budeia er på setra er det så greitt med matstellet.

Det var vanleg å gå ivegen ein søndag føreåt og sjå seg ut måsåtak. Den som tok måså årleg års hadde elles ein fast driftsplan for fjellet. Det måtte haustast med omtanke. Det var ikkje berre å gå laus på den første beste måsåbota ein kom åt. At måsåhaugane ikkje vart ståande for spreidd utover fjellet, var mykje om å gjera, og at det var bra lett å ta seg fram åt dei vintersdag. Røynde fjellfolk såg av lendet korleis snø og vind rådde om vinteren.

Vanleg takst var at ein skulle ha minst 3 haugar- lass- måså for kvar vaksen ku. Eit lass veg c.a. 350kg, og etter fortabellane går det ca. 6 kg. lav pr. f.e. Ein gard som da brukte å ta 42 haugar for året henta heim frå fjellet så mykje for at det svarar til ei middelavling frå 17-18 dekar. Han laut da ha bra rom i fjellet, og det var god granneskikk at ingen skulle gå den andre fornær. Samstundes galdt det å ha måsåtaka så nær i hop at dei kunne vera ilag om vegen.

Reiskapen til måsåsanking er måsårive og måsårep.

Måsåriiva har hovud og skaft av bjørk, og jarntindar. Heile rivehovudet er elles sterkt jarnslegi. Det må vera sterkt. Ei god måsårive skal vera både lett og sterk, og høveleg står så ho fell godt i handa. Så må det vara rette vinkelen mellom rivehovudet og skaftet. Står ho på formykje går ho fordjupt og tek med seg jord, og står ho på forlite er det og leitt. Enkelte smedar var namnspurde for rivene sine, andre fekk ikkje til ei brukbar rive for aldri det.

Ei godt gjort måsårive er mest eit uslitande reidskap, ho kan vare ein par mannsaldrar når ho er pent brukt og stelt.

Måsårepet (meis) er gjort av ei bjørkerame og grann, kløyvd vidje eller silju som er bøygt i halvsirkel og bora inn i rama. Klovingane er fletta i kryss. Repet må ikkje vera fordjupt. Da vil det ikkje sleppe måsån. Det kan vera så stort at ein lyt vera to om det, eller berre for ein.

Av to-manns rep går det ca. 18 på lasshaugen.

Av ein-manns rep " 30 " -- "

Det g år 3-4 kjelkehaugar på ei lasshaug.

Når ein gjekk åt måsåfjellet- måsåhøn- om morgonen og kom øvst i vigg, kvilte ein på og skar seg måsåslø, (ei slo fl. slø).

Det er lange, seige renningar av bjørk eller vi-dje somein skjer

etter snølaget. Dei må vera så lange at ein er trygg på at dei syner sjølvom haugen driv ned med snø.

Det gjeld å vera tidleg ute når ein skal kaste måså. Er det klårver og tørt blir måsån så sprø når det lid ut på dagen, at det er vanskeleg å få han til å setja seg haugen. Difor er det om å gjeran å få han i kast med det er dogg. Da er han seig og god å handtere, og set seg godt i haugen. (Eit måsåkast er så mykje måså som ein når til å kaste ihop på ein flekk. Når ein kastar måså tar ein på riva det ein får med, og med ein vipp hiver ein så måsån bortpå kastet. Vansken er å få måsån til å sleppe riva. Er det rein, doggfull måså utan kjørr i kan ein kaste langt, og kasta blir da store.)

I regnver blir måsån våt og klinete, og det er mest verre enn at han er er tørr og sprø. Våt måså held mykje vete, frys ihop og blir stygg tung å kjøre. Men det er og gale om måsån ikkje frys. Er han heilt ^{pa} tørt når ein skal ta han att om vinteren, er det eit svare strev å han på sleden. Dette hender ofte ~~er~~ snøen legg seg tidleg, og det føreåt har vore lite regn. Måsåhaugane vil støtt trekkje i seg regnvete, men snøen gir ikkje større frå seg.

Når det er ~~FAKXXXX~~ tørrver kastar ein i kast så lenge utover dagen som det går an før ein börjar å setja i haug. Kor store kast ein lagar til vil rette seg etter kor godt måsåtak det er. Er lavlaget tunt lyt ein fare bra vidt etter ein haug, og da blir kasta små og mange. Der måsån har fått stå u-røyvd lenge, og lavdekket er som ei mjuk dyne, er det fort gjort å få ihop ein haug, men slik djup måså har mykje dauing i rota, og da blir det mykje rat i fjøset. Det er ~~FAKXX~~ såleis mange ting å sjå etter når ein er iveg og leitar ut måsåtak, og like eins når ein driv og kastar.

Det gjeld å velja ut beste måsån. At det er litt småkjørr og lyng i han er berre bra. Friskaste og beste måsån veks ofte i kjørr. Det ein til vanleg kallar myrtopp er noko ein må vare seg for å få med. Myrtopp er verkeleg mose, det er ikkje lav, men m eir kravfulle brunmosar- *Dicranum*-arter, og det er helst i myrkantar og der det er betre j ordsmon at dei veks. ilag med kvitkrull. Kvitkrullteppet ser så friskt og fint ut. Først når ein kjem med riva blir ein var at det er myrtopp. Inkje husdyr et myrtoppen. Berre litt iblanding er nok til at alt blir vraka.

Beste ^{måsån} ~~mån~~ er kvitkrull og gråmåså, og kvitkrullen er formeir enn gråmåsån. Gullskin kan dominere heilt i høgtliggjande måsåflyer, men ku og sau et ikkje denne laven. Geita tar han og reinen er glad i han. Reine gullskinbøter går ein derfor ~~XXX~~ utanom når ein kastar ~~XXX~~ måså. Brømåså er det så lite av at ^{han} ~~et~~ tel ikkje stort, og så går

ein vanskeleg tak på han med riva.

Når det lid så langt på dag at det er fortørt til å kaste meir, er det å gå igang med å setja måsån i haug. Ein finn ein plass der snøen vil blåse av, og så tuftar ein åt haugen. Det vil smia at ein riv opp kjørr og ~~lyng~~ lyng og legg eit godt lag i botnen slik at haugen ikkje frys fast til bakken. Ein set haugen slik at tverrsida smur i mot veret. Så ber ein ihop måsåkasta med rep. Det høver da godt å vera 3 ilag, 2 til å bera og ein til å setja. Han som set går på kne i haugen, jannar måsån godt utover og trør godt ihop. Sidene skal vera mest mogleg lod beine. Når haugen er passe høg blir han runda av litt oppå, så legg ein på ~~XXXXXX~~ markkjørr og lyng og oppå der fire flate steinar slik at vinden ikkje skal gjera ugagn. Så set ein måsåsløe midt i, og haugen er ferdig.

Er det godt måsåtak greier ein kar å kaste og setja 2-3 lasshaugar for dagen, ettersom ~~det~~ kor langt det er å gå morgon og kveld. Det er enkelte som har måsåbuer i fjellet, men det er ikkje vanleg her i bygden. Disse måsåbuene er svært primitive, ofte berre ~~at~~ tronge steinsmog. Fleint med ved er det òg, så ein går heller ei halv mil for å koma i godt hus.

Når det er godt ver er det triveleg å vera i måsåhøen, og det er lett arbeid. Ingen gong er ^{fjellet} ~~er~~ finare enn i solvarme septemberdagar. Det er eventyr når morgendisene lerv i solrenninga, små skoddedottar rek under høene, og blant dogg på kjørr og lyngblenkjer og skin. Det kaklar rype og trost, og hare hoppar mellom stein og gras. Som dagen stig og dogg og dis vermet bort, kjem fargane fram i all si bragd. Ved kviletid ryk det frå kaffevarme og fortel at det er folk i fjellet, og på randar og høgder står måsåhaugar vinterbudde, ruver som hus i soldisen.

Det er tyng å kvile i fjellet einlik dag, strekkje seg ~~ei~~ lang i lyng og godna seg med spekemat og soll og heit, sterk kaffe. Fjellet fangar. Det blir minne som ein lever på og gjerne nyar oppatt. Måsåoma var ikkje berre ei ond for å skaffe vinterbjørg. Det var dagar folk stunda møt som mot helg. Hug og håt drogs mot fjellet. Ein la bygda ~~atom~~ seg, og levde i ljuset høgt over hø.

Men fjellet kan og vise styggsida. Når skodda sig på og gjer alt klissvått og sleipt, og uverskyer jøgar med stormart og slepper or seg striregn og vind, da kjenner ein seg lten. Da kan gjente og gut bli fjellskremt; men gamlekarane vil at arbeidet skal gå lei. Er ein komen i måsåhøa skal ein gjera dags arbeid før ein går heim. Det kan bli harde dagar, men ein driv på i von om at veret skal lotne.

Nå er det ingen hugge med matkvila. Travaleg nok får ein opp varme.

Det blir mest sur røyk. Eit gammalt ordtak er at det rengde så mjølka minka ikkje i sollfatet. Set det så til med snøkave attåt, kan det bli spøkje nok. Det har hendt at vaksne karar som har vorte nøydde til å løyse bukse, har vorte så valne at dei har ikkje fått bukse på seg att. Når veret blir slik er det ikkje anna å gjera enn å koma seg ned av fjellet snøggast råd er. Da kan det bli buver i dagvis.

For å ha måså frå hausten og til det blir vinterføre i fjellet, var det brukeleg før å ta momåså. På deimtørre furumoane i dalbotnen er det bra måsåtak, men måsån her er ikkje så god som fjellmåsån. Det er mest saltmåså. Han smuldrar lett sund, og så er det ~~mykje kvist~~ mykje kvist og barnål i han. Men kua er ~~ei~~ ålett om hausten og ~~et~~ et han godt.

Straks det blir føre ifjellet er det å ta til med måsåkjøringa. Er det passe vendings veg reiser ein tilfjells tidleg om morgonen og er heime att til middags. Dei som har måså i seterfjellet brukar å åiggje på setra og lunne måsån dit. Namn som lunnar-rande og lunnar-flat fortel om dette.

Måsåkjøringa har og sin teknikk, som må lærast. Ein kjører på sleda og gjører fast haugen med reip. For å velte opp haugen så ein får *insider* sleden, brukar ein to eller tre måsårankar. Dei er av bjørk, omlag 2 m lange og kvest i eine enden. I andre enden er det drivi inn på ein jarnring så ikkje ranke-n skal sprekke når ein driv han under haugen. Til å slå på ranken med, har ein måsåklubbe. Det er ein hard bjørkeklubbe med ~~SSSS~~ skaft på. Er ein åleine lyt ein lyt ein bruke måsåkluffer og. Det nyttar ikkje å brot-ta haugen. Han må ~~ta~~ takast med lempe. Ein set da ei klufft under den eine ranken med ein lett på den andre.

Dersom måsåhaugen er tien, vil han dette sund når ein skal velte han opp. Da lyt ein drive rankane tversigjennom under haugen og ta reipet rundt endane på ranken og dobbelt over haugen med ~~da~~ herdra oppå. Så legg ein under omlag (småbjørk), og gjører dei fast. Er haugen heilt tien må ein bruke 5-6 omlag på kvar side og 3-4 oppå. Nå kan ei velte opp haugen som vanleg og få under sleden. Så løyser ein på reipa og deg ut att rankane, legg på omlaga godt, og gjører haugen fast til sleden.

Det hender og at haugen er så rønen at han ikkje tåler å stå på kant med ein får under ~~den~~ den. Da må ein løyse frå hesten og leggje sleden oppå haugen med meiane opp, rankane under som vanleg, og så ~~gjører~~ gjører ein sleden fast til haugen og velter ~~den~~ rundt. Rankane lyt da sitja på til ein kjem på lunnar-plassen, eller he-im. Her velter ein så sleden opp, og haugen blir ståande som han stod på tufta.

Dersom måsån er tela, og det er godt føre og ikkje før flatt lende, kan ein ha på "slo-haug". Ein høgg seg ei kluftbjørk og velter ~~XXXXXXXX~~ haugen oppå, tek ein kjetting eller eit reip frå kluffta og frami sleder og for å ha styring på slohaugen slår ein nedi han ein sterk pinne og fester eit taug frå her og frami ~~XXXXXXXXXX~~ lasshaugen.

Så kan ein bruke måsådrag og hengje atti sleden. Måsådraget er gjort som ein lett slede med stutte skjåker, 60-70 cm. Dei er til å styre med, og ~~XMI~~ for at drøet ikkje skal gå innpå sleden i undabakke.

På måsådraget ^{går} stallbanda midt gjennom åsen og ned i meien. Det er berre to åsar og det blir da 4 stallband. Desse stallbanda er tjukke og sterke og står 6-7 tommar oppom remma. Dei er ~~XXXX~~ kveste opp, og når måsåhaugen blir velta nedpå, sit han utan gjøring.

Måsålunninga gjorde ein frå seg så tidleg som råd var. Når ein hadde fått måsån på lunnar-randen var ein ikkje så avhengig av godt fjellver ~~XXXXXXXXXXXXXXXXXX~~, og kunne ordne heimkjøringa etter det andre gardsarbeidet.

I dei gamle fjøsa var det støtt måsåskjell, helst ordna slik at det var kjøring inn på trevetø og så var det ei luke frå der og ut på skjellen. På skjellen tina måsån utan å avkjøle fjøset. Ein passa på at det var tien måså på skjellen støtt. Å fore med frosen måså er ikkje bra.

Nyare fjøs har som regel ikkje måsåskjell. Har ein da måså, blir det å tine han i ein binge eller i ein tom bås, og når ein dertil må ta han inn om døra beint frå ute, blir det rått og kaldt i fjøset. At det ikkje er måsåskjell i nyare fjøs er eit godt mark på at driftsmåten er avlegs.

Når det har vorøte meir og meir slutt på å bruke måså, er det mange ting som gjer det. Det er ikkje berre eit driftøkonomisk spørsmål. Mange fjellbygdegardar vilde sikkert stå seg på å ta oppatt den gamle driftsmåten, så mykje meir som måsåfjella nå har kvilt så lenge at dei har grodd godt til.

Ein vektig grunn er naturlegvis den at det er mindre arbeids-hjelp på gardane nå enn før, og at det er vanskeleg å få leige hjelp. Men dette heng atter saman med ei viss mistru til yrket, og forlita tru på dei naturgjevne vilkår fjellbygdene har.

Godt måsåfjell er eit stort lunnende til ein gard. Veit ein det ikkje før så skjønar ein det når det blir skinår heime, og ein må ty til fjellet for å matberga bølingen.